

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutvall - 19.11.2021

Mia Holdhus sette fram følgjande forslag:

«Alternativ:

Vestland ungdomsutval meiner at det er viktig å prioritere skulevegen til elevane i fylket for å sikre dei ein trygg og tilrettelagt veg til skulen. Dette omfattar blant anna fleire gang- og sykkelveggar og fotgjengarfelt. Me ønskjer at lågterskeltilbod for ungdom skal prioriterast, slik at alle kan delta i aktivitetar på fritida uavhengig av økonomi. I tillegg til fleire lågterskel møteplassar for ungdom. Det er viktig for oss at den vidaregåande opplæring er praksisnær slik at ein er førebudd yrkeslivet på ein betre måte. VU meina også at det er viktig med universell utforming av dei vidaregåande skulane slik at alle har like god tilgang til bygga. Det er også veldig positivt å få inn pilotprosjekt med fiskesprell i kantiner for å få sikra ein variert kost.»

Avrøysting

Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale

Vestland ungdomsutval meiner at det er viktig å prioritere skulevegen til elevane i fylket for å sikre dei ein trygg og tilrettelagt veg til skulen. Dette omfattar blant anna fleire gang- og sykkelveggar og fotgjengarfelt. Me ønskjer at lågterskeltilbod for ungdom skal prioriterast, slik at alle kan delta i aktivitetar på fritida uavhengig av økonomi. I tillegg til fleire lågterskel møteplassar for ungdom. Det er viktig for oss at den vidaregåande opplæring er praksisnær slik at ein er førebudd yrkeslivet på ein betre måte. VU meina også at det er viktig med universell utforming av dei vidaregåande skulane slik at alle har like god tilgang til bygga. Det er også veldig positivt å få inn pilotprosjekt med fiskesprell i kantiner for å få sikra ein variert kost